



Den berømmelege hyttecontainaren i Uskedalen er no fjerna av SIM fordi han vart misbrukt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Ein konsekvens av manglande sjølvdisiplin, seier driftsleiar Kjell Egil Hollund i SIM til uskedalen.no som ein kommentar til at Uskedalen no har mista den mykje omtala hyttecontainaren.

Han er fjerna frå Børnes-krysset og frå Uskedalen for godt etter at folk har dumpa avfall rundt han. Containaren er også i betydeleg grad misbrukt av fastbuande.

- Det går ei grense og no var nok nok, Ikkje minst var sjåførane våre leie av å plukka søppel i Uskedalen, seier Hollund.

- Og kva er alternativet no for dei som vil bli kvitt avfallet?

- På vår heimeside finn ein liste over alle dei utplasserte hyttecontainarane.

Det nærmaste alternativet er containaren ved butikken i Herøysund og ellers er det hyttecontainarar i Seimsfoss og Dimmelsvik.

Men det bør også vera eit brukbart alternativ at hyttefolk kan få til disposisjon ein søppeldunk som tek 140 liter. Vilkår er imidlertid at dunken blir plassert på same stad på same dag som dunken for restavfall. Vi gjer med andre ord ikkje noko ekstra for å henta desse dunkane.

Hyttecontainaren i Uskedalen har hatt eit omflakkande liv. Han stod først på Sandakaien, men vart misbrukt, Så var han så vidt innom Grana før han kom til Børnes. Men så vart han altså misbrukt der også.

Av Ola Matti Mathisen

